

A photograph of a forest floor covered in green plants with small white flowers. The scene is lit with soft, natural light, and a large tree trunk is visible in the background. The text is overlaid on the center of the image.

Naturmangfold i skog

Tore Larsen

Statsforvaltaren i Vestland

Nokre harde fakta 1: Vestland fylke har den mest varierte naturen i Noreg

Vegetasjonssonar:

Frå sør til nord: *nemoral, boreonemoral, sørboreal, mellomboreal, nordboreal, alpin, sørarktisk*

Vegetasjonsseksjonar:

Frå kyst til innland: *sterkt oseaanisk, klart oseaanisk, svakt oseaanisk, overgang, svakt kontinental*

Vegetasjonsgeografiske regionar:

Danmark	2
Finland	10
Sverige	17
Vestland fylke	22

I heile Noreg finst 26 vegetasjonsgeografiske regionar.



Nokre harde fakta 2: Det største naturmangfaldet finn vi i skogen



Kystfuruskog



Flaummarkskog (gråor-heggeskog)



Kalkfuruskog



Raudflangre




Boreal regnskog



Gullprykklav



Edellauvskog (rasmark-lindeskog)



Boreal lauvskog (ospenholt)

- Lågurt-eikeskog
- Lågurt-hasselkratt
- Alm-lindeskog
- Gråor-almeskog
- Or-askeskog
- Kalkrik ask-hasselkog
- Rasmark-lindeskog
- Høgstaudealmeskog
- Rasmark-almeskog
- Rasmark- og ravine-almeskog
- Gammel eikeskog
- Gammel svartorskog
- Gammel hasselskog
- Gammel lindeskog
- Gammel almeskog
- Gammel askeskog
- Tørr kalkfuruskog
- Frisk kalkfuruskog
- Serpentinfuruskog
- Lågurtkalkskog i kyststrøk
- Høgstaudebjørkeskog
- Lågurtbjørkeskog
- Nordlig frodig bjørkeskog
- Rik løvskog i rasmark
- Rik løvskog i lisode
- Flommarkskog
- Liskog og raviner
- Rik sumpskog
- Rik strandskog
- Viersump i lavlandet
- Varmekjær kildeskog
- Rik løvsumpskog
- Boreal kildeskog
- Gammelt ospenholt
- Gammel bjørkeskog
- Fuktig kystskog
- Gammel hengebjørkeskog
- Gammel lauvblandingsskog
- Gammel gråorheggeskog
- Gammel furuskog
- Gammel kystfuruskog
- Bekkekløft
- Bergvegg
- Lavlands-lauvsogsbekkekløft
- Kystbekkekløft
- Nytt brannfelt med fattig utforming
- Nytt brannfelt med rikere utforming
- Gammelt brannfelt med fattig utforming
- Gammelt brannfelt med rikere utforming
- Fattig brannfelt
- Rikt brannfelt
- Purpurlyng-furuskog
- Oseansk lågurt-furuskog
- Fuktig furu-hasselkog
- Boreal regnskog med furu
- Temperert regnskog med furu
- Boreonemoral blandingsskog
- Serboreal blandingsskog
- Gammel furumyrskog
- Gammel bjørkesumpskog
- Gammel oresumpskog
- Gammel edellauvsumpskog
- Urterik kalkfuruskog
- Sesongfuktig kalkfuruskog

Nokre harde fakta 3: **Dei fleste norske artar lever i skog**

Det er kjent om lag **44 000** artar i Noreg.

26 400 (60 %) av desse artane lever heilt eller delvis i skog.



Det er 4438 raudlista artar i Noreg. Av desse reknast **2355** artar for *trua* (sårbar VU, sterkt trua EN og kritisk trua CR).

1122 (48 %) av dei trua artane lever heilt eller delvis i skog.



Kvar finn vi dei trua artane i skog?

Størst arts mangfald er det i ulike typar edellauvskog og flaummarkskog.

Men gammel naturskog er viktig for arts mangfaldet, uansett kva skogtype det er snakk om. 84 % av dei truga artane i skog er knytte til gammalskog.

Gammalskog (naturskog): Skog med høg biologisk alder som i liten grad er påverka av hogst.

Det er svært lite gammel skog i Noreg. Berre 3% av den produktive skogen i Noreg er meir enn 160 år gammel. 75 % av naturskogen er avverka (19 % av naturskogen er hogd dei siste 15-20 åra).

Lite gammel skog er ei utfordring for artar som har naturskog som leveområde, og som ikkje kan oppretthalde levedyktige populasjonar i ung skog eller produksjonsskog.



Kvar finn vi dei trua artane i skog?

For eit fleirtal av dei truga artane i skog finst det informasjon om kva livsmedium dei er knytte til:

Mange av dei truga artane i skogen lever på eller i død ved. Det er flest vedbuande artar på middels nedbroten død ved av bartre (116 artar), boreale lauvtre (87 artar), og edellauvtre (91 artar).

Det er også eit høgt tal truga artar knytt til ståande daude tre (gadd) av bartre (73 artar), boreale lauvtre (61 artar) og edellauvtre (71 artar).

52 truga artar er knytte til hole eiketre, og 61 til andre hole edellauvtre.

Det er med andre ord ulike artar knytt til ulike stadium av nedbryting av tre, frå gamle, levande tre med daude greiner, til ståande daude tre av ulik alder, og tre som har gått over ende og er i ulike stadium av nedbryting (furu kan trenge 2-300 år på å brytast ned). Fleire tusen artar er involvert i nedbryting av ved i Noreg.

Mangfaldet av død ved i skogen (lang kontinuitet) er svært viktig, og viktigare enn *mengda* av død ved, for å ta vare på artsmangfaldet!



Skarlagene vårbeger – på daude kvistar av gråor i fuktig terreng



Valsehjort – larvar i morken ved av bjørk og eik



Flaggspett – lyttar seg fram til insektlarvar i død ved

Kvar finn vi dei trua artane i skog?

«Det blir stadig meir gammal skog i Noreg»:

- Skogstatistikk viser at skogareal med aldersklassene 120-159 år og 160 år og eldre er aukande.
- I følgje ny skogstatistikk har mengda daud ved i produktiv skog auka med nærare 50 % i løpet av dei siste 30 åra.
- Ifølgje NIBIO har mengda daud ved i norske skogar blitt dobla dei siste tiåra, til t.d. 7 m³ per hektar i furuskog.

...men data frå tilnærma urørt furuskog som framleis finst i Sverige, Finland og Russland viser rundt 55 m³ per hektar. Mengda daud ved i norsk skog ligg m.a.o. truleg berre rundt 10-15% av nivået i ein «urskog».



Korleis ta naturomsyn i skogbruket?

I Vestland er granskogbruket nesten einerådande. Kva kan ein gjere for å ta vare på naturmangfaldet i område med denne typen skogbruk?

- Konsentrere granskogbruket til enkelte større «plantasjeområde», og late naturskogen utanfor desse kjerneområda utvikle seg fritt?
- Spreidde småplantingar i blanding med naturskog?

Det siste alternativet er neppe gjennomførbart i praksis pga. den omfattande frøspreiinga frå utplanta gran. Føregår heilt ukontrollert i dag, og det må ei gjennomgripande omlegging av skogbruket til for å få kontroll på problemet.

Det første alternativet vil krevje ei omfattande rydding av marginale granførekomstar som elles aldri vil bli felt, og som no står og spreier frø.

Spreiing av gran frå plantefelt er i dag det viktigaste trugsmålet mot naturmangfaldet i Vestland fylke.

- Nye, lokale treslag i skogbruket?





Litt om kunnskapsgrunnlaget

Naturtypekartlegging i Vestland var i starten prega av lite fokus på skog. Skogen skulle kartleggast gjennom MiS, og data konverterast til naturtype etter DN-handbok 13.

Dette fungerte ikkje, og skog blei etter kvart ein del av naturtypekartlegging etter DN-handbok 13 og NiN.

Skog er tidkrevande å kartlegge, og kartbasane er mangelfulle. Skoglokalitetar i Naturbasen som er kartlagt etter DN-handbok 13 held jamt over bra kvalitet, men nokre har knappe omtalar. Lokalitetane er kvalitetssikra av Statsforvaltaren. Ingen slik kvalitetssikring av NiN-kartlegging, som er føresett utført av kompetent personale.



MiS ser ut til å fange opp lite av enkelte førekomstlar som er viktige for naturmangfaldet i skog.

Prosjekt for kartlegging av den utvalde naturtypen hule eiketre i Sogn og Fjordane: Av 300 eiker i skog, har MiS registrert 1.

Ønsker du å få gjennomført naturtypekartlegging?

Kartlegging etter NiN-metodikk («naturtypekartlegging etter Miljødirektoratets instruks») kan bestillast av tiltakshavar, kommune og sektormynde.

For å få kartleggingsresultatet inn i Naturbasen:

- Kartlegginga må bestillast på førehand (bestillingsverktøyet er tilgjengeleg på nettet frå 1. mai til 15. november).
- Frå 10. mars kan du søke om tilgang til MDIR sitt digitale bestillingsverktøy.
- Kartleggingsarealet må på førehand avgrensast på kart som del av bestillinga. Areal utanfor denne avgrensinga kjem ikkje inn i Naturbasen.
- Du må finne ein kartleggar som har nødvendig kompetanse til NiN-kartlegging.
- Data frå kartlegginga må sendast til MDIR seinast 14. januar (for kvalitetssikring).

<https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/overvaking-arealplanlegging/naturkartlegging/myndigheter/bestille-kartlegging-av-naturtyper-pa-land/>

Eller...

Du kan skaffe ein kartleggar som kan kartlegge etter DN-handbok 13, og sende resultatet til Statsforvaltaren som kvalitetssikrar og sender vidare til Naturbasen.